


Godt hjelpemiddel i palliativ medisin



Sten Andersen, Svend Ottesen,
Niels-Henrik Jensen et al.

Symptomkontrol i palliativ medisin

En quick guide. 5 utg. 120 s, tab, ill.
København: FADL's forlag, 2012. Pris DKK 200
ISBN 978-87-7749-676-9

Dette er et oppslagsverk, laget for frakkelommen, hvor enkeltmomenter i palliativ medisin er alfabetisk omtalt. For hvert enkelt symptom er nøkkelinformasjon og nødvendige tiltak listet opp. Valget av symptomer som omtales, er omfattende og dekker det aller meste av palliativ praksis. De ulike kapitlene er godt oppdaterte. Forfatterne har lang erfaring innen palliativ medisin, og de medisinske rådene som de gir, er gode.

Innholdet er fornuftig – forfatterne betoner gjennomgående betydningen av å begrense tiltak for pasienter med kort forventet levetid. Kapitlet *Den Døende Patient* gir leseren, etter mindre enn fem minutters lesning, de sentrale rådene en lege behøver for å kunne gi omsorg i livets slutfase. Boken er dansk, og preparatvalg og salgsnavn for medikamenter er basert på dansk praksis og tilgjengelighet for legemidler. Kapitlet om sosiale rettigheter er ikke relevant for norske lesere. Imidlertid er det meste likt, og det er ikke vanskelig å omsette boken til norske forhold.

For leger som skal behandle symptomer hos kreftpasienter, og som ikke har lang erfaring i palliativ medisin, vil denne boken kunne være et godt hjelpemiddel. Selv om legen mangler erfaring, vil pasientene kunne få god behandling.

Pål Klepstad

Intensivavdelingen
St. Olavs hospital

Breitt, men distansert om helsetenesta i framtida



Hans Olav Melberg, Lars Erik Kjekshus, red.

Fremtidens Helse-Norge

292 s, tab, ill. Bergen: Fagbokforlaget, 2012.
Pris NOK 348
ISBN 978-82-450-1208-8

Denne antologien, på over 280 sider og samansett av 15 frittstående bidrag, er, etter det vaskesetelen fortel, primært tenkt som lærebok på bachelor- og masternivå. Dei ulike artiklane skulle ha framtida som rød tråd, men denne tråden er ikkje alltid like godt synleg. Til tider er perspektivet både tilbakeskodande og fokusert på aktuelle problem i helsetenesta. Dei fleste av forfatarane har fagleg ståstad i samfunnsfaga og helseøkonomi, men to har medisinsk bakgrunn.

Tematisk famnar boka breitt frå utfordringane knytt til pasientar med etnisk minoritetsbakgrunn, frå framtidens pasientar til framtidig sjukdomspanorama og demografi og frå styringsverkemiddel til utfordringane knytt til innføring av informasjonsteknologi. Truleg er boka tenkt som lærebok i helse og sosialfag, men som pensumbok manglar den heilskap og verkar noko tilfeldig samansett, avhengig av tilgjengelege forfatarar.

Enkelte av lesarane av Tidsskriftet vil likevel finne spennande og velskrevne bidrag. Hans Olav Melberg, som er ein av redaktørane, dempar i artikkelen *Eldreølgen: bedre enn sitt rykte* den utbreidde angsten for den effekten demografiske endringar vil ha på helsetenesta. Margun Aanestad, professor i informatikk ved Universitetet i Oslo, tek i sitt innsiktsfulle bidrag eit oppgjær med dei mange «IKT-brushovuda», som vil frelse helsetenesta med nye IKT-løysingar. Ho tek til orde for å gå varsamt og skrittvis fram med respekt for den sosiotekniske kompleksiteten dei nye reiskapane skal inn i. For enkelte vil òg den solide framskrivinga av sjukdomstrendar til medisinarer Øyvind Næss vere nyttig og opplysende.

Samtlege forfatarar sit på utsida av helsetenesta, til dels med stor avstand. Det gjer òg at antologien får eit litt distansert makroperspektiv. Helsearbeidarar vil nok leite lenge etter «forslag til mulige løysningar», som vaskesetelen lovar.

Olav Helge Førde

Institutt for samfunnsmedisin
Universitetet i Tromsø